



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Fjernmøte, Teams
Dato:	04.03.2021
Tid:	14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Møteavvikling.

- Kl. 12.00 - kl. 13.40 - Kurs om kommuneøkonomi for kontrollutvalet sine medlemmar og varamedlemmar
- Kl. 14.00 og vidare - Kontrollutvalsmøte

Tekniske opplysningar

- Det vert sendt egne epostar med link til teamsmøte for henholdsvis kurs og møte.
- Ønskje om at deltakarane koplær seg opp 15 min. før for test av lyd og bilde.
- I siste sak vil det bli røysta over om møtet skal lukkast. Om så skjer, blir det sendt eigen teams-invitasjon til utvalsmedlemmane om det.
- PS - Møtet vil bli streama frå kl. 14.00 og lagt ut på nettet.

Varamedlemmar

- Varamedlemmar vert invitert til å møta på kurset.
- For varamedlemmar er innkallinga til sjøve møtet å sjå på som ei orientering.
- Dersom det vert aktuelt at varamedlemmar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2020	2020/86	
	Politiske saker		
PS 1/21	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 2/21	Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 3/21	Interimsrevisjonsrapport for 2020 - orientering frå rådmannen	2019/132	
PS 4/21	Forenkla etterlevingskontroll for 2019 - orientering frå rådmannen	2019/132	
PS 5/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon plan og byggesakshandsaming	2019/45	
PS 6/21	Forenkla etterlevingskontroll for 2020 - risikovurdering	2019/132	
PS 7/21	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - statusrapport	2020/190	
PS 8/21	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 9/21 PS 10/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt	2019/130 2020/89	
	Referatsaker		
RS 1/21	Årsrapport 2019/2020 fra tilsynsutvalget for Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter	2019/129	
RS 2/21	Julebrev fra FKT	2019/13	
RS 3/21	Invitasjon til FKT fagkonferanse 1. - 2. juni 2021	2019/13	
	Politiske saker		
PS 11/21	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Stord kommune - arbeidsmøte	2014/302	

Godkjenningssaker
GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-25
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	2/21	04.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	03.12.2020
Tid:	14:00 - 18.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Det var ingen varamedlemmer som hadde høve til å møta.

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG AS, sak PS, tom. Sak PS 43/20
Mathias Wasaznik Johannessen	Forvaltningsrevisor i KPMG AS (med på Teams), sak PS 39/20 og PS 42/20
Gisle Østrem	IKT sjef, sak PS 39/20.
Iren Dyrseth	Controller, sak PS 39/20.
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.10.2020	2020/86	
Politiske saker			
PS 39/20	Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR	2019/133	
PS 40/20	KPMG presenterer interimisrevisjonsrapport for 2020.	2019/132	
PS 41/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga	2019/132	
PS 42/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 43/20	Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene	2018/77	
PS 44/20	Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune	2020/201	
PS 45/20	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2020/81	
PS 46/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 47/20	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 21/20	KPMG revidert prosjektplan beredskap (oppstart bestilt 23.11.20)	2020/190	
RS 22/20	Fylkesmannen i Vestland - Avslutning av tilsyn (Vaksenopplæring)	2019/129	
RS 23/20	KMD - Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2019/132	
RS 24/20	KMD - Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolking av KL § 23-5	2019/140	
RS 25/20	FKT medlemsinfo november 2020	2019/13	
RS 26/20	Samarbeidsrådet for Sunnhordland - referat frå møte 16.10.20	2017/36	
Politiske saker			
PS 48/20	Vurdering av revisjonsordning for Stord kommune	2016/103	

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.10.2020

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokoll frå møte 15.10.20.

Vedtak

Protokoll frå møte 15.10.20. vart godkjent.

Politiske saker

PS 39/20 Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

IKT sjef Gisle Østrem og controller Iren Dyrseth gav ei orientering for kontrollutvalet. Utvalsmedlemmane stilte spørsmål, som vart svara på.

Det var bl.a. opplyst om at ein må attende til 2007 for å finna ein forvaltningsrevisjon innan IKT. Utvalet fekk og orientering om administrative hovudansvarslinjer innan saksfeltet.

Vedtak i saka kom fram etter sams drøfting, og det vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet avventar rapport i pågåande forvaltningsrevisjon innan beredskap.
2. Utvalet vil i etterkant, og på bakgrunn og av informasjon i møtet og rapporten, vurdere om ein skal gjennomføra ein revisjon innan IKT-området.

PS 40/20 KPMG presenterer interimrevisjonsrapport for 2020.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå KPMG AS til orientering

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner i KPMG AS, Willy Hauge, orienterte om utarbeidd interimrevisjonsrapport.

Utvalet drøfta alle dei tre punkta under overskrifta «Observasjon intern kontroll»

Etter sams drøfting kom utvalet fram til eit nytt punkt 2 som omfatta alle observasjonane.

Det kom og fram eit nytt punkt 3 på bakgrunn av den tredje observasjonen, om «lønn - lovpålagte forsikringar».

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå KPMG AS til orientering
2. Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om han vil setta inn nokre tiltak på bakgrunn av innhaldet i interimrevisjonsrapporten.
3. Vedr. pkt. 3 (Observasjon intern kontroll, om lønn - innberetning forsikring) ønskjer kontrollutvalet å vita meir om praksis gjeldande ikkje-lovpålagte forsikringar.

PS 41/20 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar attestasjonsuttale og nummerert brev til orientering.
2. Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner i KPMG AS, Willy Hauge, orienterte om gjennomført forenkla etterlevingskontroll for 2019.

Kontrollutvalet drøfta og aktuelle tema for forenkla etterlevingskontroll 2020, og sette «vass- og avløpsgebyr» som hovudtema for denne. Vidare arbeid med denne er tenkt slik:

- Risikovurdering frå revisor til sekretariatet 3 veker før kontrollutvalsmøte primo mars.
- Risikovurdering som sak i kontrollutvalsmøte primo mars.
- Rapport til sekretariatet 3 veker før kontrollutvalsmøte medio mai.
- Rapport som sak til kontrollutvalsmøte medio mai.

Vedtaks punkt 3 kom på bakgrunn av dette.

Forslag til vedtak og tilleggspunkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar attestasjonsuttale og nummerert brev til orientering.
2. Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.
3. Utvalet ønskjer at «vass- og avløpsgebyr» vert hovudtema for neste forenkla etterlevingskontroll.

PS 42/20 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Mathias Wasaznik Johannessen i KPMG AS orienterte om at revisjonsrapporten av ulike årsaker er blitt forseinka, men at den vil bli klar på nyåret.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 43/20 Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av betringsarbeidet som er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av tenester innan psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune.
2. Det vert ønskt lukke til med å gje eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid, jmf. pkt. 2 i handlingsplanen, med forventning om at den del av arbeidet vert fullført komande år.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av betringsarbeidet som er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av tenester innan psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune.
2. Det vert ønskt lukke til med å gje eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid, jmf. pkt. 2 i handlingsplanen, med forventning om at den del av arbeidet vert fullført komande år.

PS 44/20 Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggest ut på heimesida til Stord kommune, med dei endringar som kom fram i møtet
2. Kontrollutvalet ber om at Stord kommune legg ut den godkjende teksten på heimesida, med høve til å gjera naudsynt redigering , slik at det passar inn ift. oppbygging av kommunen si heimeside generelt sett.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer at utvalet er lettare synleg / tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Til dømes er det ønskjeleg at kontrollutvalet sin møteplan, møteinnkallingar og protokollar er tilgjengeleg under fana «møteinnkallingar og protokollar», der tilsvarande informasjon om alle andre utval ligg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggst ut på heimesida til Stord kommune, med dei endringar som kom fram i møtet
2. Kontrollutvalet ber om at Stord kommune legg ut den godkjende teksten på heimesida, med høve til å gjera naudsynt redigering , slik at det passar inn ift. oppbygging av kommunen si heimeside generelt sett.

PS 45/20 Møteplan 2021 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2021:

Dato:	Merknad:
04.03.2021	
19.04.2021	
19.05.2021	
06.09.2021	
02.12.2021	

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2021:

Dato:	Merknad:
04.03.2021	
19.04.2021	
19.05.2021	
06.09.2021	
02.12.2021	

PS 46/20 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Etter sams drøfting kom det slik tilleggsforslag, ifm. gjennomgang av Utval for plan og utvikling sitt møte 12.11.20:

Kontrollutvalet ber rådmannen orientera om oppfølging av føringar i Stord kommune sin reguleringsplan vedr. støy / støymåling, samt etterleving av politivedtektene om ålmenn ro etter kl. 23.00, for Eldøyane industriområde.

Forslag til vedtak, og tilleggsforslaget, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientera om oppfølging av føringar i Stord kommune sin reguleringsplan vedr. støy / støymåling, samt etterleving av politivedtektene om ålmenn ro etter kl. 23.00, for Eldøyane industriområde.

PS 47/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet sin økonomi.

Etter sams drøfting framkom slik forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at kommunestyret i «Budsjettrevisjon 2. tertial 2020» løyvde ekstra midlar til utvalet sitt arbeid i 2020, med utgangspunkt i oppstarta revisjonar i 2019 som vert fullført i 2020.
2. Då det og er starta revisjonar i 2020 som vert ferdigstilt i 2021, ber utvalet tilsvarande om at restfinansiering av desse vert overført frå 2020 til 2021.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet sin økonomi.

1. Kontrollutvalet merkar seg at kommunestyret i «Budsjettrevisjon 2. tertial 2020» løyvde ekstra midlar til utvalet sitt arbeid i 2020, med utgangspunkt i oppstarta revisjonar i 2019 som vert fullført i 2020.
2. Då det og er starta revisjonar i 2020 som vert ferdigstilt i 2021, ber utvalet tilsvarande om at restfinansiering av desse vert overført frå 2020 til 2021.

Referatsaker

RS 21/20 KPMG revidert prosjektplan beredskap (oppstart bestilt 23.11.20)

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 22/20 Fylkesmannen i Vestland - Avslutning av tilsyn (Vaksenopplæring)

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 23/20 KMD - Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 24/20 KMD - Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolking av KL § 23-5

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 25/20 FKT medlemsinfo november 2020

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 26/20 Samarbeidsrådet for Sunnhordland - referat frå møte 16.10.20

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker

PS 48/20 Vurdering av revisjonsordning for Stord kommune

Forslag til innstilling

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Stord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Stord kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Stord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Stord kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

Politiske saker
PS 1/21 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-33
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	1/21	04.03.2021

Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Sameige Leirvik Brygge har sendt brev til kontrollutvalet med tittel: «Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune». Kontrollutvalet har fått skriftleg orientering to gonger. Begge orienteringane er lagt ved saka. I tillegg vil rådmannen orientera munnleg i møtet. Utvalet må vurdere om ein er nøgd med vedlagt skriftlege tilbakemeldingar og munnleg orientering frå rådmannen i møtet, eller om ein ønskjer å følgja saka vidare ei stund.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sameige Leirvik Brygge - klage av 22.04.20.
- 2 Svar frå rådmannen av 01.10.20.
- 3 Svar frå rådmannen av 30.11.20.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka er å finna i kontrollutvalet sine handsaming i møte 18.05.20., 08.09.20. og 15.10.20.

Kontrollutvalsmøte 18.05.20.

Følgjande går fram av protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.05.20, sak PS 16/20 Eventuelt, underpunkt 4:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalsleiaren orienterte om motteken klage frå Sameige Leirvik Brygge.

Kontrollutvalet ønskjer skriftleg og munnleg orientering frå rådmannen.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet v/ sekretariatet innan 10.08.20 om faktaopplysningar og merknader han har i høve henvendinga frå Sameige Leirvik Brygge
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til utvalet sitt møte 02.09.20 for å gje ei munnleg orientering.

Kontrollutvalsmøte 08.09.20. (Møtet 02.09.20 vart utsett til då).

Skriftleg orientering var ikkje klar til dette møtet. Utvalet var skuffa over det. Munnleg orientering vart gjeven.

Kontrollutvalsmøte 15.10.20.

Skriftleg og munnleg orientering vart gjeven. Det vart fatta slik vedtak:

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon. Utvalet ber om ny tilbakemelding til første kontrollutvalsmøte i 2021, med slike opplysningar:

1. Informasjon om kontakt med Sameige Leirvik Brygge i etterkant av kontrollutvalet si handsaming av saka 08.09.20 og 15.10.20, vedlagt evt. skriftleg korrespondanse.
2. Kva koordineringsrutinar kommunen legg opp til i det vidare arbeidet.
3. Informasjon om korleis utarbeidd støyrapport ved Natrutekaien er blitt brukt / vil bli brukt.
4. Status i arbeidet med landstraumanlegg på Natrutekaien.
5. Status i arbeidet med hamneplanen.

Svar på punkta over vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka med heimel i kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

For heilskapen sin del vert både klage frå Sameige Leirvik Brygge og rådmannen sine svar datert 01.10.20. og 30.11.20 lagt ved.

Kontrollutvalet sitt møte 08.09.20:

Følgjande vart protokollert under handsaming i møtet:

Rådmannen opplyste om at han kort tid før møtet vart merksam på at svaret kontrollutvalet hadde bede om ikkje var sendt, og beklaga dette.

Kommunelege Lars Helge Sørheim orienterte om sin befatning med saka, og uttrykte at han ikkje synest kommunen hadde vore god nok til å samordna seg internt ift. ulike henvendingar frå Sameige Leirvik Brygge, noko som hadde gått ut over dialog og framdrift.

Han opplyste og om at det kom ei orienterende støyvurdering ved nyttår, men at det ikkje er vurdert korleis den skal brukast.

Utvalseiar gav uttrykk for at eit hovudfokus for utvalet er kommunen sin evne til å svara på henvendingar frå innbyggjarane. Han viste til at utvalet og hadde fokusert på dette overfor administrasjonen tidlegare, og han var skuffa over manglande svar i denne saka ved fleire høve. Utvalsmedlemmane støtta han i det.

Kontrollutvalet sitt møte 15.10.20:

Følgjande notatar frå orienteringa / svar på spørsmål er teke med i referatet.

- Arbeid med hamneplan er kome lenger enn då utvalet hadde møte primo september d.å.
- Lei for at spørsmål ikkje har blitt svart ut tidlegare. Forvaltningsmessig har det «falle litt mellom fleire stolar».
- Interessekonflikt i området. Det kan vera delt ansvar blant fleire. Støy var og eit problem då bygningane vart sett opp.
- Landstraumanlegg kjem. Ikkje heimel for å bruka det, men incitament kan nyttast. I gitte tilfeller kan det anvisast plass blant tilgjengelege hamner, td. Eldøyane.

Ny hamneplan.

Sekretariatet har merka seg at sak om ny hamneplan har vore oppe i Utval for plan og utvikling 10.12.20. som sak PS 63/20, og i møte 04.02.21. som sak PS 7/21. I siste møtet vart det fatta slik vedtak:

«Utval for plan og utvikling vedtek å leggja forslag til strategisk hamneplan på høyring med følgjande endringar:

Nytt punkt H - under 4.2.1 Hovudmålsetting 1 - miljø-, folkehelse- og ressursperspektiv:

H) Leggja til rette for at eksterne aktørar innan maretime miljøtenester kan etablere seg innan hamnestellet sitt ansvarsområde.»

Kontrollutvalet sitt møte 04.03.21:

Det ligg no føre svar på dei 5 spørsmåla som kontrollutvalet har stilt.

Utvalet må vurdere om ein er nøgd med tilbakemeldinga, og/eller om ein ønskjer å følgja saka vidare.

Konklusjon

Det ligg føre svar på dei 5 spørsmåla kontrollutvalet stilte sist saka var oppe. Han vil og supplera munnleg i møtet. Utvalet må vurdere om ein er nøgd med tilbakemeldinga og/eller om ein ønskjer å følgja saka vidare.

Sameige Leirvik Brygge

adr.: c/o Vestbo BBL, avd. Stord
Postboks 306 – 5402 Stord

Til Kontrollutvalet
Stord kommune

Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune

Sameiget har i mange år, og i brev etter brev, peikt på alvorlege miljøproblem for busette på Nattrutekaien, forårsaka av **brønnbåtar** ved kai. Styret har sendt grunnjevne klager på støy og forureining, brot på "*Lov om folkehelsearbeid*" og "*Forskrift om miljøretta helsevern*" brot på *saksbehandlingsreglane i forvaltningslova*, "*Lov om helgedagsfred*", m.m. Klagen har særskilt handla om brønnbåtar som bruker Nattrutekaien ved "heimeligge" kvardagar og heile helger, medrekna dei fleste høgtidsdagar. Dei bruker hjelpemotorar til straumforsyning. Som kjent ligg båtane omlag 10 meter framfor sameiget.

Då Leirvik Brygge blei etablert i 2003 og 2004, hadde utbyggjar pålegg om uterom til kvar bustadeining i form av terrasser. Det er ofte ikkje mogleg å bruka dei etter føremålet på grunn av støy og eksoslukt. Sameiget har i klare ordelag vist til helseretta problem og utfordringar som er knytta til disse båtane. Det handlar m.a. om tap av nattero og søvn, med særskilte konsekvensar for eldre busette som har hjartelidingar og generell svak eller dårlig helse. Støyplagene kan tidvis vera så store at busette må flytta frå soveromma, eller i verste fall røma frå heimen. Eksoslukt kan også vera ei stor plage for dei med astma og allergiproblem.

Det som kanskje har vore den største bøygen i kontakten med Stord kommune, er at sameigarane/busette på Nattrutekaien ikkje blir tekne alvorleg. At kommunen ikkje svarer på brev, ikkje held lovnader, ikkje følgjer lover, føresegner og retningsliner, skaper ikkje stort rom for tillit. Sameiget har derfor sett seg nøydd til å søka råd hos Sivilombodsmannen og Fylkesmannen/fylkeslegen i Vestland. Begge partar har teke kontakt med Stord kommune om sameige sine klagesaker mot kommunen. Fylkesmannen i Vestland har i brev av 24. juni 2019 til Stord kommune oppheva "**Stord kommune si avgjerd om ikkje å fatte pålegg i sak som gjeld klage på støy frå Nattrutekaien, dagsett 25.04.2019, jf. forvaltningslova § 34, jf. § 41.**"

Sameiget ha i ettertid ikkje høyrte noko frå kommunen. 21. januar 2020 sendte sameiget brev til Stord kommune med følgjande spørsmål:

- *Har Stord kommune plan(ar) om å følgja opp saka i tråd med plikter etter forvaltningslov og folkehelselov ?*
- *Kva kan Sameiget Leirvik Brygge venta av kommunalt initiativ til betring av miljøtilhøva for nære naboar til kommunal kai ?*

Styret for sameiget ønskjer no at Kontrollutvalet i Stord kommune ser på saksbehandlinga til kommunen heilt frå 2016. Derfor dette brevet. Det følgjende er ei kronologisk dokumentasjon av kommunikasjonen med Stord kommune om støy og forureining frå grønnbåtane ved Nattrutekaien, dei siste 3-4 åra. Ein tek ikkje med kva som er skrive og sagt om saka i tidlegare år.

2016

- *2. September.* Brev til Stord kommune om miljøtema knytta til båtar ved kai. Sameiget bad om møte. **Ikkje svar**
- *10. November.* Nytt brev til kommunen med grunngjeven klage på støy og forureining. **Etterlyste "avbøtande tiltak"** i samsvar med kommunedelplan for Leirvik hamn, og oppfølgjing av kommunalt vedtekne "*Retningsliner for båtar ved kai*", og "*Lov om folkehelsearbeid*". Bad på nytt om møte.
- *19. desember.* Sameiget fekk innkalling til møte med kommunen om tema som sameiget hadde formulert i brev av 10. November.

2017

- *31. januar.* Møte med representantar for kommunen. Hovudtema blei trafikktilhøva på Natrutekaien. Lite om "båtar ved kai". Sameiget **blei lovd** referat frå møtet og synfaring på kaien. **Det kom ikkje referat**
- *27. mars.* Etterlysing av referat på e-mail. **Ikkje svar/referat**
- *15. august.* Nytt brev til Stord kommune. Bad kommunen følgja forvaltningslova og gje svar på fleire spørsmål som galdt m.a. miljøproblem, forureining, støy og folkehelse. **Ikkje svar**

2018

- *16. januar.* Purrebrev til kommunen. Informerte om at sameiget ville rådspørja Sivilombudsmannen om kommunen sine plikter etter forvaltningslova. **Ikkje svar**
- *24. mars.* Nytt brev til kommunen med oppmoding om oppfølgjing av saka. Sameiget viste på nytt og konkret til moglege brot på "*Lov om folkehelsearbeid*" og "*Forskrift om miljøretta helsevern*". Kopi til Fylkeslegen.
- *24. mars.* Klage til Sivilombudsmannen for mangel på svar frå Stord kommune.
- *7. mai* Brev frå Stord kommune som viser til arbeidet med ny hamneplan. Sameiget blei **lovd høyringnotat** før sommarferien. Det ville

bli skipa til **dialogmøte**. Sameiget fekk ei **orsaking** for manglande tilbakemelding. **Merknad:** Stord kommune viser til feil brev .

- *23.mai*. Sameiget får brev frå Sivilombudsmannen der det m.a. heiter at "i telefonsamtale 23.mai 2018 beklaga xx i Stord kommune den lange saksbehandlingstida". Saksbehandlar hadde opplyst at "sameiget fekk svar i brev 7.mai 2018, og at sameiget vil få enda ei tilbakemelding om kort tid".
- *23.mai*. Sameiget svarer på brevet frå Stord kommune, dagsett 07.05., og bed om svar på rett brev.
- *2.juni*. Nytt brev frå Stord kommune som **orsaker** at sameiget sitt brev av 12.mars ikkje hadde nådde saksbehandlar.
- *16.september*. Brev til Fylkeslegen. Bed om vurdering av klage etter folkehelselova.
- **Sameiget fekk ikkje høyringsnotat som var blitt lovd, og hørte heller ikkje meir om dialogmøte dette året.**

2019

- *12.februar*. Sameiget får kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune.
- *25.april*. Sameiget får kopi av svar frå Stord kommune til Fylkesmannen i Vestland. Det blir der vist til **planar om revisjon av hamneplanen og dialogmøte med sameiget**.
- *21.mai*. Sameiget skriv til Fylkesmannen og viser til fleire feilinformasjonar i Stord kommune sitt svarbrev.
- *24.juni*. Kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune, med oppheving av Stord kommune sitt vedtak om ikkje å følgja opp klagen etter "Lov om folkehelsearbeid". Fylkesmannen viser også til at Stord kommune har brote forvaltningslova.
- **Sameiget hørte ikkje meir frå kommunen om hamneplan og dialogmøte i 2019, (og som tidlegare var lovd i 2018), og heller ikkje om konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.**

2020

- *21.januar*. Sameiget sender brev til Stord kommune med spørsmål om kva planar kommunen har for å følgja opp konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.

Konklusjon: Sameiget viser til ovanstående dokumentasjon og bed Kontrollutvalet vurderer Stord kommune si saksbehandling av klagesaka.

Styret for Sameige Leirvik Brygge, 22.04.2020

Stein Erik Grov (styreleiar)

Bjørn Angell Bergh (saksbehandlar)

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 01.10.2020
Vår ref: 2015/3889 - 26062/2020 / 611
Dykkar ref:

Svar vedr. klage frå Sameige Leirvik Brygge

Det vert vist til partsbrev frå kontrollutvalet datert 16.09.2020 i sak om klageskriv frå Sameige Leirvik brygge, der det vert bede om skriftleg tilbakemelding innan 5. oktober 2020. Det vart ikkje gjeve tilbakemelding innan første fristen som var 18. august.

Rådmannen vil beklage manglande skriftleg tilbakemelding ved førre høve. Rådmannen vil også beklage at saka har utvikla seg slik den har. Det er korrekt slik det går fram av klageskrivet frå Sameige Leirvik Brygge, at her har vore kommunikasjon frå sameiget som ikkje alltid har blitt svarta ut slik det burde. Dette er mellom anna med bakgrunn i ein utfordrande personellsituasjon.

Sameiget Leirvik Brygge klagar først og fremst på støysituasjonen frå Stord hamn, Natrutekaien. Dette er eit komplekst område som krev koordinering av ulike fagdisiplinar og ansvarsområde. Det er heller ikkje gitt at heile ansvaret tilhøyrer berre den eine parten her. Problemstillinga er kjent frå fleire andre kommunar i landet.

Lovgrunlaget for kommunen si handtering er knytt til folkehelselova med tilhøyrande forskrifter m.a. knytt til miljøretta helsevern. Mynde i denne samanhengen ligg til kommunelegen.

Stord hamn er den støyande verksemda, og hamneverksemda har vore etablert her i «alle år». Hamnedrifta kan utføre avbøtande tiltak, men desse må vere målretta og samstundes sikre ei forretningsmessig god drift av hamnevesenet innanfor gjeldande lovverk (hamne- og farvasslova). Støyretningslinjene (T-1442 og forureiningslova) gjeld ikkje for hamneverksemd, men dei gjeld for etablering av bustader. Rådmannen forstår det derfor slik at støyretningslinjene vil gjelde for hamneverksemd dersom det skulle bli etablert ny verksemd som ville få konsekvensar for tilgrensande bustader. Rådmannen kan ikkje sjå at det er tilfellet her.

Utbygging av husvære på kaien vart gjort på byrjinga av 2000-talet. Støy var tema i byggjesakene, og skal handterast av dei ansvarlege for prosjektering og utbygging i utbyggingsprosjekta. I dette er det kommunen si rolle å godkjenne firma for ansvarsrett, som oftast i samsvar med gitt sentralgodkjenning (plan- og bygningslova). Det er altså utbyggjarane sjølve, og dei prosjekterande og utførande, som har ansvar for å støysikre i høve gjeldande støysituasjon.

Rådmannen vil uansett seie seg lei for at Sameige Leirvik brygge har opplevd ei manglande koordinering og svar, frå kommunen. Det er ikkje i tråd med god

forvaltningsskikk. Det er likevel ikkje slik at det ikkje har blitt arbeidd med saka i denne perioden.

For å fylgje opp saka vidare etter folkehelselova, er arbeid med hamneplan og innhenting av støyrapport viktig prosess- og dokumentasjonsgrunnlag. Fylkesmannen oppheva kommunen si avgjerd om å ikkje fatte vedtak i saka etter folkehelselova grunna manglande dokumentasjon.

Stord hamn har med bakgrunn i vedtak frå Fylkesmannen og arbeidet med ny hamneplan fått utarbeidd ein støyrapport ved Nattrutekaien. Den dokumenterer eit høgt støynivå ved husværa. Støyrapporten er laga med grunnlag i ein akustisk berekningsmodell som er bygd opp med bakgrunn i alle loggførte anløp. Grunnlaget skulle derfor vere det beste. Det har blitt vurdert om dette burde følgjast opp med konkret måling av støynivå, men konsulentfirmaet som gjorde berekningane, meiner det ikkje vil tilføre ny kunnskap som vil endre konklusjonen.

Hamnestellet er i ferd med å etablere landstraumanlegg på Nattrutekaien. Dette vil vonaleg vere i drift frå november. I avgiftssystemet for hamn er det allereie av kommunestyret innført å gi reduksjon i kaileige (20%) og straumpris (50%) ved bruk av landstraum. Rådmannen vonar dette vil vere eit incitament for båtar å etablere system slik at dei kan gjere seg nytte av landstraumanlegget.

Arbeidet med hamneplanen starta i 2017, men har av ulike grunnar blitt utsett. Det er no løyvt ressursar og leigt inn ekstern prosjektleiar for å slutføre dette planarbeidet. Hamneplanen skal vere ein strategisk plan for hamnestellet for drift og utbygging, og det er ei målsetjing å drøfte og synleggjere tiltak i høve støy i denne planen. Når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring, vil det derfor bli halde møte med berørte partar om dei tiltaka som hamneplanen skisserer.


Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Lovise Vestbøstad
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:
Hogne Haktorson



VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 30.11.2020
Vår ref: 2015/3889 - 33086/2020 / 611
Dykkar ref:

Svar på spørsmål frå kontrollutvalet om Leirvik brygge

Syner til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 31/20, 15.10 20. Utvalet ber om ny tilbakemelding når det gjeld Sameiget Leirvik brygge.

Utvalet har følgjande spørsmål:

1. Informasjon om kontakt med Sameige Leirvik Brygge i etterkant av kontrollutvalet si handsaming av saka 08.09.20 og 15.10.20, vedlagt evt. skriftleg korrespondanse.
2. Kva koordineringsrutinar kommunen legg opp til i det vidare arbeidet.
3. Informasjon om korleis utarbeidd støyrapport ved Nattrutekaien er blitt brukt / vil bli brukt.
4. Status i arbeidet med landstraumanlegg på Nattrutekaien.
5. Status i arbeidet med hamneplanen.

Svar på spørsmål:

1. Hamnestellet føl retningslinene så langt som mogeleg opp mot at ein og skal drive hamneverksemd. Kontakt med sameiget går som avtalt via styreleiar. Ein har rutinar for informasjon på sms og e post (til styreleiar) som skal varsle vidare når det vert meld om større båtar. Sameige vil ha høve til å gje uttale til ny hamneplan og vil få tilbod om eige møte om dette.
2. Rådmannen syner til svaret som vart gjeve i kontrollutvalet når det går på koordineringsrutinar og ansvar for oppfølging av saksområdet. Det overordna ansvaret for hamnestellet er for tida lagt til kommunalsjef Knut J. Gram.
3. Den utarbeidde støyrapporten vil liggja til grunn for krav om bruk av etablert landstraum for dei båtane som kan nytta dette. Den vil og vera bakgrunn for gjennomgang av retningslinene frå 2008. Retningslinene var seinast tema i møte og skrifteleg kommunikasjon mellom Kommuneoverlege, hamnesjef og

sameige hausten 2014. Hamnestellet prøver og så langt mogeleg å flytta båtar som kan medføre støy til andre kaiar.

Ny Strategisk hamneplan 2021-2030 vil ha faglege støyvurderingar for folk som bur i nærleiken av hamneområda, som viktig grunnlag i høve bruken av hamneområda.

4. Anlegg for landstraum er ferdig.
5. Forslag til ny hamneplan skal handsamast første gong i utval for plan og utvikling 10.12.20.

Med helsing

Magnus Mjør
Rådmann

Knut J. Gram
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-34
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	2/21	04.03.2021

Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå rådmannen om forhold relatert til Eldøyane industriområde.

Hogne Haktorson
Kontrollsjeff

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Stord kommune 03.12.2020, vart dette protokollert i sak PS 46/20. - Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune:

Handsaming i møte

Etter sams drøfting kom det slik tilleggsforslag, ifm. gjennomgang av Utval for plan og utvikling sitt møte 12.11.20:

Kontrollutvalet ber rådmannen orientera om oppfølging av føringar i Stord kommune sin reguleringsplan vedr. støy / støymåling, samt etterleving av politivedtektene om ålmenn ro etter kl. 23.00, for Eldøyane industriområde.

Forslag til vedtak, og tilleggsforslaget, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientera om oppfølging av føringar i Stord kommune sin reguleringsplan vedr. støy / støymåling, samt etterleving av politivedtektene om ålmenn ro etter kl. 23.00, for Eldøyane industriområde.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over vart rådmannen, i epost av 07.12.20, beden om å koma i dette møtet for å gje ei orientering.

Konklusjon

Som utgangspunkt er det forslag om at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Ut frå det som kjem fram i orienteringa frå rådmannen, kan det vera at det er trong for spesifikke oppfølgingspunkt.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-56
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	3/21	04.03.2021

Interimsrevisjonsrapport for 2020 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord kommune - oppsummering etter interimsrevisjon 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si handsaming av KPMG AS sin interimrevisjonsrapport for 2020, vart det i utvalsmøte 03.12.2020, sak PS 40/20, gjort slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå KPMG AS til orientering*
2. *Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om han vil setta inn nokre tiltak på bakgrunn av innhaldet i interimrevisjonsrapporten.*
3. *Vedr. pkt. 3 (Observasjon intern kontroll, om lønn - innberetning forsikring) ønskjer kontrollutvalet å vita meir om praksis gjeldande ikkje-lovpålagte forsikringar.*

Interimrevisjonsrapporten frå KPMG ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over vart rådmannen, i epost av 07.12.20, beden om å koma i dette møtet for å gjera greie for status for oppfølging av denne rapporten.

I kontrollutvalet sitt møte 03.12.2020, vart dette protokollert under «handsaming i møtet»:

Partner i KPMG AS, Willy Hauge, orienterte om utarbeidd interimrevisjonsrapport.

Utvalet drøfta alle dei tre punkta under overskrifta «Observasjon intern kontroll»

Etter sams drøfting kom utvalet fram til eit nytt punkt 2 som omfatta alle observasjonane.

Det kom og fram eit nytt punkt 3 på bakgrunn av den tredje observasjonen, om «lønn - lovpålagte forsikringar».

Konklusjon

Som utgangspunkt er det forslag om at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Ut frå det som kjem fram i orienteringa frå rådmannen, kan det vera at det og er trong for spesifikke oppfølgingspunkt.



Stord kommune 2020

Oppsummering etter interimrevisjon

Innhold

Innhold

Status etter interim	3
Fokusområde for 2019 revisjonen	4
Observasjonar intern kontroll	5




Status etter interim

- Vi har utført planleggingshandlingar i samsvar med revisjonsplanen.
- Vi har gjennomgått kjerneprosessar saman med nøkkelpersonell innanfor ulike driftsinntekter, lønsutgifter, innkjøp og bank.
- Vi har gjennomgått transaksjonsflyt og internkontroll i kjerneprosessar
- Vi har identifisert fokus-/risikoområde som vil krevje oppfølging fram mot årsslutt (sjå eige ark).

Fokusområde - finansrekneskapen

Kommunen har fleire ulike operasjonelle risikoar. I revisjonen har vi fokus på dei tilhøve som potensielt kan påverke postar i årsrekneskapen.

Misligheter dukkar stadig opp i media; det viktigaste er eit godt kontrollmiljø.



Observasjonar intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding
Lønn – endring av lønnsdata	Samtlige tilsette på lønnsavdelinga har tilgang til å endre lønnsdata, dvs. at dei har tilgang til systemet og kan endre satsar, kontonummer og andre lønnsdata.	Feil grunnlag for lønnsutbetalingar til tilsette og uautoriserte endringar av lønnsdata.	Vi vil tilrå at kommunen etablerer rutinar som gjer at endringar må godkjennast av ein annan enn den som gjer sjølve endringa i systemet. Eit anna alternativ er å avgrense talet på tilgangar. Vi tilrår kommunen å sjå på loggar over endringar, for å avdekke om nokon kan ha gjort uautoriserte endringar.
Rekneskap – endring av faste data	Fleire tilsette kan endre faste data i rekneskapssystemet uten etterkontroll.	Feil i grunndata, bevisst eller ubevisst. Det aukar risikoen for at nokon kan legge til nye leverandørar og endre kontonummer i reskontro etc. Manglende etterkontroll medfører risiko for feil eller mislegheiter. Risikoen vert redusert ved at alle utbetalingar skal godkjennast av to ulike personar.	Vi tilrår at talet personar med tilgang til å endre faste data vert redusert. Det kan f.eks. etablerast nokon superbrukarar med ansvar for å vedlikehalde «masterdata», og at alle endringar av faste data må gjerast av desse, eller godkjennast av desse. Vi tilrår at det som eit minimum vert etablert rutine for etterkontroll av endringar av faste data. Kommunens administrasjon informerer om at Agresso har for få roller, slik at dei med roller får alt eller ingenting.

Observasjoner intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding
Lønn – Innberetning forsikring	Kommunen dekker forsikring som ikkje er lovpålagt. Desse skal innberettast som fordel for den tilsette. Det er avdekket tilsette som ikkje er innberetta for denne fordelen.	Feil skattetrekk på den tilsette det gjeld og feil grunnlag for arbeidsgjevaravgift.	Opprette rutine som påser at innmelding i forsikringsordning ved tilsetjing medfører innberetning av fordel, og det same for endringar i den tilsette si stilling.



kpmg.com/socialmedia



kpmg.com/app



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-57
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	4/21	04.03.2021

Forenkla etterlevingskontroll for 2019 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - revisjonsberetning
- 2 Nummerert brev - brev til leiinga nr. 4

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si handsaming av KPMG AS sin forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2019 , vart det i utvalsmøte 03.12.2020, sak PS 41/20, gjort slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar attestasjonsuttale og nummerert brev til orientering.*
2. *Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.*
3. *Utvalet ønskjer at «vass- og avløpsgebyr» vert hovudtema for neste forenkla etterlevingskontroll.*

Revisjonsberetning og nummerert brev frå KPMG ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over vart rådmannen, i epost av 07.12.20, beden om å koma i dette møtet for å gjera greie for status for oppfølging i høve revisjonsberetning og nummerert brev.

Fokus i denne saka er vedtakspunkt 1 og 2 overfor, medan vedtakspunkt 3 vil gå fram av eiga sak.

Forenkla etterlevingskontroll er vanlegvis knytt til årstalet før den vert ferdigstilt.

Konklusjon

Som utgangspunkt er det forslag om at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Ut frå det som kjem fram i orienteringa frå rådmannen, kan det vera at det og er trong for spesifikke oppfølgingspunkt.

Til Kontrollutvalget i Stord kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen i Stord kommune

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stord kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Etterlevelse av lov om offentlige anskaffelser § 4 om konkurranse og forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften) del I §7-1 om dokumentasjon av anskaffelsesprosessen. Kontrollen er begrenset til enkeltanskaffelser bokført i driftsregnskapet i 2019 hvor det foreligger minst en faktura fra leverandør på over kr 100 000, begrenset til 13 enkeltanskaffelser. Det presiseres at kontrollen er begrenset til å vurdere oppfyllelse av konkurransekraav og arkiveringskraav, og ikke er en kontroll av om kjøpet generelt følger kravene i anskaffelsesforskriften.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi er uavhengige av kommunen i overensstemmelse med lov og forskrift og Code of Ethics for Professional Accountants (IESBA Code) og med de etiske kravene som er relevante for vårt oppdrag, og vi har oppfylt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og IESBA Code. Vi anvender ISQC 1 [NORSK] – Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester og opprettholder et omfattende system for kvalitetskontroll inkludert dokumenterte retningslinjer og prosedyrer vedrørende etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og gjeldende lovmessige og regulatoriske krav.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll. Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene avhenger av revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9).

Andre forhold

Kontrollen av enkeltanskaffelser viser at det mangler arkivert anskaffelsesprotokoll for 3 av 14 kontroller som er gjennomført. I tillegg får vi opplyst at det ikke er gjennomført konkurranse for 3 av 14 anskaffelser.

Begrensning i bruk

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Stord kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Stord, 16. november 2020
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2020-11-16 10:37:19Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Stord kommune
Kontrollutvalget

Deres ref

Vår ref

Kopi: Rådmann

16. november 2020

Forenklet etterlevelseskontroll 2019 - Brev til ledelsen nr 4

I forbindelse med innføring av ny kommunelov kom det en ny bestemmelse om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9). Denne er nå gjennomført og vi har sett forhold vi ønsker å ta opp i form av nummerert brev.

Forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltning skal utføres av regnskapsrevisor, bygge på en risiko og vesentlighetsvurdering og vi skal gi en uttalelse med moderat sikkerhet. Det skal være begrenset ressursbruk sammenlignet med regnskapsrevisjonen for øvrig og det skal være objektive kriterier. Kontrollen vil derfor avgrenses i forhold til dette.

I vurdering av risiko- og vesentlighet og valg av områder for kontroll bygge på sin kunnskap om kommunen og vurdere:

- Er det områder i regnskapsrevisjonen som er definert med lav risiko som etter standard for forenklet etterlevelseskontroll likevel bør sees på?
- Er det gjennom arbeidet med overordnet analyse og vurderinger av områder for forvaltningsrevisjoner indikasjoner på områder med forhøyet risiko som regnskapsrevisor kan dekke med forenklet etterlevelseskontroll
- Er det områder administrasjonen eller kontrollutvalg mener det er økt risiko
- Generell erfaring med feil og svakheter fra tidligere
- Erfaring fra andre kommuner

Etttersom det er en ny bestemmelse fra 2020, har det ikke vært lagt frem noen eksplisitt risikovurdering for kontrollutvalg, eller diskutert i særlig grad med administrasjonen. Vår risikovurdering er derfor basert på erfaringer og observasjoner fra Stord og fra andre kommuner.

Anskaffelsesreglene er en av de mest sentrale sidene ved økonomiforvaltningen i offentlig sektor. Regelverket skal blant annet bidra til effektiv ressursbruk ved konkurranse, forhindre korrupsjon og bidra til innovasjon innen forskjellige områder. Et enkelt søk på KOFA viser at det i 2019 var 53 saker der KOFA konkluderte med brudd på regelverket. Stord kommune sitt driftsregnskap viser kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal tjenesteproduksjon på 159 MNOK, og kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon på 243 MNOK. Det foretas med andre ord mange anskaffelser, og

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Confidential

Offices in:

Oslo	Elverum	Molde	Straume
Alta	Finnsnes	Tromsø	Tynset
Arendal	Hamar	Trondheim	Ulstevik
Bergen	Karmøy	Skien	Sandefjord
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Alesund
Bryne	Kristiansand	Stavanger	
Drammen	Mo i Rana	Stord	

etter vår vurdering er det et område med vesentlig risiko for kommunen. Området ble således plukket ut for nærmere kontroll av etterlevelse av rutinene og regelverket.

Nærmere om gjennomføring av kontrollen

Etter lov om offentlige anskaffelser § 4 skal kommunen opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet. Dvs at for anskaffelser over kr 100 000 skal kommunen ha særskilt hjemmel for en anskaffelse rett fra leverandør uten konkurranse. Om en anskaffelse er konkurranseutsatt er derfor første kriterium i vår vurdering.

Etter anskaffelsesforskriften §7-1 skal alle vesentlige forhold for gjennomføring av anskaffelsene nedtegnes eller samles i en protokoll. Dette gjelder alle anskaffelser som er omfattet av regelverket, dvs anskaffelser over kr 100 000. Kriteriet vi vurderte opp mot er derfor om det foreligger en protokoll for anskaffelsene.

Gjennom tidligere revisjoner har vi i hovedsak foretatt avgrensede kontroll i forhold til investeringer. I denne kontrollen valgte vi derfor å fokusere på anskaffelser i drift. Vi hentet ut oversikt over anskaffelser/kjøp i 2019 i driftsregnskapet, og plukket ut 16 anskaffelser over kr 100 000, fordelt på forskjellige ansvar/enheter, og ba om å få en tilbakemelding på

- hva anskaffelsen gjaldt
- hvorvidt den inngikk en rammeavtale
- om anskaffelsen var konkurranseutsatt og evt begrunnelse for manglende konkurranse
- samt å få oversendt protokoll for anskaffelsen

3 anskaffelser er utført i samarbeid med andre, og disse protokollene er også kontrollert.

Konkurransekriteriet

Tilbakemelding fra administrasjonen viste at 3 av 14 anskaffelser ikke var konkurranseutsatt. Dette inkluderer to anskaffelser hvor det fremmes at det kun fantes en leverandør man kunne bruke. Det er sagt i veileder til anskaffelsesreglene at det skal svært mye til for å klare å dokumentere at det bare finnes en leverandør.

Protokollkriteriet

Tilbakemelding fra administrasjonen viste at 7 av 14 anskaffelser ikke hadde protokoll tilgjengelig. Av disse er det opplyst at 1 er konkurranseutsatt samt 3 har rammeavtale til grunn. Vi har mottatt dokumentasjon på dette, og etter vår vurdering er det sannsynlig at man kunne sammenstilt dokumentasjon til en protokoll. Det er 3 anskaffelser som ikke er konkurranseutsatt – og her er det ikke nedtegnet en protokoll.

Etter anskaffelsesforskriften § 7-1 skal vesentlige forhold ved gjennomføring av anskaffelse nedtegnes. En beslutning om å foreta en direkteanskaffelse må anses som en vesentlig beslutning. Etter vår vurdering fremstår det basert på utvalget vårt som systematisk at beslutninger om direkte anskaffelser ikke begrunnes og nedtegnes i protokoll.

På bakgrunn av funnene har vi funnet at vi kan konkludere men presisere i avsnitt andre forhold at det er enkeltanskaffelser som ikke er konkurranseutsatt og/eller mangler arkivert anskaffelsesprotokoll. Vi anbefaler at det iverksettes tiltak – opplæring og kontroll – på området, især knyttet til når det er anledning til direkteanskaffelser og krav til protokoll også ved direkteanskaffelser.



Vennlig hilsen
for KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2020-11-16 10:37:19Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/45-27
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	5/21	04.03.2021

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon plan og byggesakshandsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 16.08.2021.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet sin andre oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 14.05.2020, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Statusrapport_ forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune
- 2 Status forvaltningsrevisjon handlingsplan 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slik vedtak i sak PS 21/20 i møte 14.05.2020:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. *Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.*
2. *Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.*
3. *Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.*
4. *Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.*
5. *Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.*
6. *Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.*
7. *Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.*
8. *Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Handlingsplan i tråd med punkt 8 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 08.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet fekk oversendt vedlagte brev og oppdatert handlingsplan pr. 15.01.2021 frå Stord kommune. Den oppdatert handlingsplanen inneheld status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen på ein strukturert og klar måte.

Sekretariatet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering m.a. ved at punkt 6 og 7 no er ferdig gjennomført. Vidare går det fram av tilbagemeldinga at ein del av betringsarbeid er vorte forseinka grunna korona og heimekontor og difor ikkje er vorte ferdig innan dei fristane som var sett i handlingsplanen.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til møte 06.09.2021.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltingsrevisjon om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å senda til sekretariatet innan 16.08.2021.

Vlfk - Hogne Haktorson

Vår dato: 14.01.2021
Vår ref: 2019/3067 - 962/2021 / 144
Dykkar ref:

Statusrapport; forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune

Det vet vist til Kontrollutvalet sitt møte den 8. september, sak PS 23/20:

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.

I samsvar med punkt 2 i vedtaket, vert statusrapport oversendt.

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Lovise Vestbøstad
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

- 1 Status forvaltningsrevisjon handingsplan 2020

HANDLINGSPLAN etter forvaltningsrevisjon byggesak 2020 status per. 15.01.21

Oppfølging av vedtak i kommunestyret 14.05.2020		Ansv	Frist
Prioritert handlingsplan til kontrollutvalet med frist innan 01.09.2020, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.			
1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering			
RBO v/byggesak anskaffar modul til Elements, fagsystemet eByggesak, for å oppnå m.a. meir effektiv og lik sakshandsaming av byggesøknader. Kjøpet vert gjennomført i samråd med IKT og Fellestenester i Stord kommune.	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Stord kommune har i samarbeid med Bømlo, Fitjar og Kvinnherad utarbeidd konkurransegrunnlag for anskaffing av fagsystem eByggesak som vert kunngjort 13.01.2021.	ARN		Under oppfølging
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga			
Melde avvik på brot på lovbestemte tidsfristar i medhald av plan- og bygningslova i Compilo	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinane for handsaming av byggesaker er revidert for å ivareta dette.	ARN		07.01.2021
Opplæring avvik i kvalitetssystemet Compilo	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Opplæring i å melda avvik i kvalitetssystemet Compilo planlagt 28.01.2021.	ARN		Under oppfølging
Revidere aktuelle byggesaksrutinar og sjekklister	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinar og sjekklister er revidert for å ivareta at avvikssystem vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.	ARN		08.01.2021
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk			
Lage rutinar, malar for tilsyn m.m. i tråd med RBO sin tilsynsstrategi	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.			Pågår
Heve kompetanse på fagområdet tilsyn gjennom kurs, nettverksgrupper o.l.	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Tilsynsleiar har delteke på Direktoratet for byggkvalitet's Tilsynsdagen 2020. Grunna korona har det vore lite aktivitet med nettverkssamlingar og kurs i 2020.	ARN		Kontinuerleg prosess
Gjere nærare vurdering av RBO sin kapasitet til tilsyn	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.			Pågår
Redusert opningstid/tefontid på byggesak for å frigjera tid til byggesakshandsaming og arbeid med tilsyn.	ARN		01.10.2020
Status per 15.01.21: Opningstid for publikum/tefontid på byggesak er redusert og er no sett til kl. 11.30 – 14.30 måndag – fredag.	ARN		14.09.20

4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom regulering, bygg og oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) vass- og avløp (VA) og vegmynde		
SKT Veg: Lage skriftleg informasjon til søkjarar om vegmynde sine krav i samband med søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrenser mot kommunal veg. Ferdigstille LEAN-prosjekt (søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrense) i samband med byggesaker.	RSA	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
SKT Veg: Revidera vegnormen til Stord kommune for meir føreseielege krav til vegstandard mm. i samband med utarbeiding av reguleringsplan og byggetiltak.	RSA	Starta opp
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
SKT VA: Etablere ny rutine med førehandsuttale i høve kommunale vass- og avløpsleidningar i samband med søknad om tiltak etter plan- og bygningslova, i staden for dagens rutine med kun VA-kart	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
RBO (Byggesak), Plan, Veg og VA: Faste samhandlingsmøter min. 2 gangar pr. år	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Grunna heimekontor store delar av 2020 grunna korona pandemien og bygningsarbeid i rådhuset har ein ikkje fått til dette i 2020.		Kontinuerleg prosess
Veg- og VA mynde deltek på bransjemøta til RBO	RSA	31.12.2020
Status per 15.01.21: Grunna korona pandemien i 2020 så har ein ikkje kunne ha bransjemøte.		Kontinuerleg prosess
SKT VA og RBO byggesak: Lage skriftleg rutine for kva som må vera sikra med omsyn til godkjenningar frå SKT når det gjeld VA (sløkkjevatn, VA-planar, ferdigmelding av sanitæranlegg m.m) i byggesaksprosessen før det kan gjevast løyve i eitt-trinn, rammeløyve, IG, bruksløyve, ferdigattest.	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår

5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket		
Arbeid med revisjon av kommuneplanen med sikte på politisk handsaming i 2021. Kommunedelplan for Sagvåg-Litlabø vil verta lagt fram for første gongs handsaming i oktober 2020.	LVE	Starta opp
Status per 15.01.21: Status på kommuneplanarbeidet vert munnleg orientert om i kvart formannskapsmøte. Kommunedelplan Sagvåg – Litlabø vert lagt fram for førstegongs handsaming i februar 2021. Det skal utarbeidast anbudsgrunnlag for kommuneplanarbeidet med mål om å kunne velgje konsulent til arbeidet i månadskviftet februar/mars. Gjeldande framdriftsplan har førstegongs handsaming av samfunnsdelen i november 2021 og førstegongs handsaming av arealdelen i desember 2022. Formannskap og kommunestyret skal i januar 2021 handsame oppstart av endring av kommunedelplan E39 Heiane – Ådland.		
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova		
Oppdatera rutinar med sikte på å dokumentera munnlege svar på førespurnader som notat eller i merknadsfeltet i Elements. Arkivere skriftlege svar på førespurnader i saker i Elements.	ARN	Snarast

Status per 15.01.21: Munnlege svar skal leggjast inn i Elements under «Merknader» i saka. All journalverdig kommunikasjon inn og utgåande skal leggjast inn i Elements i tråd med rutinar.		Kontinuerleg prosess
Krevja førehandskonferansar i saker som berører andre mynde eller er av meir omfattande karakter	ARN	Snarast
Status per 15.01.21: Byggesak har endra praksis og krev at tiltakshavarar som hovudregel skal tinginga førehandskonferansar i saker som er kompliserte og berører andre mynde enn RBO.	ARN	Utført
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker		
Krav ligg i rutinar. Lage mal for førebels svar.	ARN	Snarast
Status per 15.01.21: Krav til førebels svar er innarbeidd i byggesak sine rutinar. Det er utarbeidd ny brev-mal for førebels svar.	ARN	Utført



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-58
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	6/21	04.03.2021

Forenkla etterlevingskontroll for 2020 - risikovurdering

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 28.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 19.05.2021.

Samandrag

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, KPMG, presentera risiko- og vesentlegvurdering som dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2020.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 KPMG - Forenkla etterlevingskontroll for 2020 - risikovurdering

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

I kontrollutvalet sitt møte 03.12.20, var det oppe sak PS 41/20 om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2019. Utvalet drøfta og aktuelle tema for forenkla etterlevingskontroll 2020, og sette «vass- og avløpsgebyr» som hovudtema for denne. Vidare arbeid med denne var tenkt slik:

- Risikovurdering frå revisor til sekretariatet 3 veker før kontrollutvalsmøte primo mars.
- Risikovurdering som sak i kontrollutvalsmøte primo mars.
- Rapport til sekretariatet 3 veker før kontrollutvalsmøte medio mai.
- Rapport som sak til kontrollutvalsmøte medio mai.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen. Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga som skal utførast for rekneskapsåret 2020, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på en tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

KPMG var inviterande til innspel frå kontrollutvalet i møte 03.12.21. Utvalet kvitterte med eit ønskje om at «vass- og avløpsgebyr» vert hovudtema for denne.

Sjølv om val av område for gjennomgang formelt ligg til revisor, så har KPMG lagt opp til å ta ein gjennomgang av sjølvkostområdet knytta til VA i tråd med uttrykte ønske frå kontrollutvalet. KPMG meiner og at dette er i tråd med risikoanalysen.

KPMG vil presentere sitt forslag til risiko- og vesentlegvurdering i møtet og dette vil danna utgangspunkt for diskusjon i møtet.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at KPMG legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å komme med innspel til fokusområde i etterlevingskontrollen som skal gjennomførast no, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastsett dei endelege fokusområda, og det er hyggeleg at KPMG har vore så imøtekomande ift. dette.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert levert til sekretariatet innan 28.04.2021 slik at den kan handsamast saman med rekneskapen i møte 19.05.2021.



Stord kommune 2020

**Forenkla etterlevingskontroll
– risikovurdering mv**




Forenkla etterlevingskontroll

- Vi har gjennomført risikovurdering rundt forenkla etterlevingskontroll.
- Vurderingane framgår nedanfor. Denne kan gjerne diskuterast kort nærare i møte i Kontrollutvalet.
- Basert på dette har vi valt ut eit område for forenkla etterlevingskontroll og presenterer utkast til kontrollhandlingar.

Rammeverk for risikovurdering

Sannsynleg?	Konsekvens/vesentleg				
	Ubetydelege konsekvensar	Mindre alvorlige konsekvensar	Alvorlige konsekvensar	Mykje alvorlege konsekvensar	Svært alvorlege konsekvensar
Svært sannsynleg	Green	Yellow	Red	Red	Red
Mykje sannsynleg	Green	Yellow	Red	Red	Red
Sannsynleg	Green	Green	Yellow	Red	Red
Lite sannsynleg	Green	Green	Green	Yellow	Yellow
Usannsynleg	Green	Green	Green	Green	Green

Vurderte område og risikotilhøve

Område	Risiko	Vurdering	
Offentlege innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> - System og prosessar for å overhalde aktuelt regelverk. - Oppfølging av inngåtte kontraktar 	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomført forenkla etterleveringskontroll i 2020 (for 2019) - Akseptable resultat frå kontrollen og ikkje spesielle indikasjonar på etterfølgjande risikotilhøve 	
Sjølvkost – VAR-området	<ul style="list-style-type: none"> - Overhalding av regelverk 	<ul style="list-style-type: none"> - Ny sjølvkostforskrift med verknad frå 1.1. 2020. - Inndekking gjennom sjølvkost kan redusere kostnadsfokus - Kontrollutvalet har peika på sjølvkost på VAR-området som eit aktuelt område. 	
Finansforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - At kommunen ikkje har eit oppdatert regelverk for finansforvaltning - At forvaltning og rapportering ikkje skjer i høve til regelverket 	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunen har vedteke oppdatert regelverk våren 2020 - Vi har ikkje indikasjonar på at regelverket ikkje vert følgt. 	
Budsjettavvik	<ul style="list-style-type: none"> - Oppfølging av budsjett gjennom året - Realisme i budsjett og budsjettprosess - Oppfølging av avvik 	<ul style="list-style-type: none"> - Vi har ikkje indikasjonar på at ein ikkje har tilfredsstillande styring på dette området. - Området er likevel heilt sentralt i økonomistyringa av kommunen, slik at eventuelle avvik vil kunne få stor konsekvens. 	

Vurderte område og risikotilhøve (forts)

Område	Risiko	Vurdering	
Meirverdiavgifts- handsaming	<ul style="list-style-type: none"> - System og prosessar for å overhalde aktuelt regelverk og at ein får med seg aktuelle krav innanfor aktuelle tidsfristar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vi ser av og til i kontrollen av meirverdiavgiftskompensasjon krav som er/blir forelda. - Beløpsmessig har forelda beløp så langt ikkje vore vesentlege. - Ev rutinesviktar kan og få verknad for vesentlege beløp. 	
Drift/investering	<ul style="list-style-type: none"> - Overhalding av regelverk om driftsregnskap og investeringsrekneskap (GKRS 4) - Oppfølging av investeringsbudsjett og prosjektleiing 	<ul style="list-style-type: none"> - Vi har ikkje hatt store diskusjonar rundt skiljet mellom drift og investering i vårt revisjonsarbeid. - Vi har ikkje indikasjonar på vesentlege avvik rundt oppfølging og prosjektstyring. - Investeringsprosjekt er ofte vesentlege i omfang, avvik på dette området kan då få vesentlege følgjer. 	
Driftstilskot private barnehagar	<ul style="list-style-type: none"> - At kommunen ikkje har eit oppdatert regelverk for finansforvaltning - At forvaltning og rapportering ikkje skjer i høve til regelverket 	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunen yter tilskot til private barnehagar basert på kostnadsnivået i kommunale barnehagar - Vi har hatt slike berekningar til gjennomlesing utan at vi har funne indikasjonar på systematiske feil. 	
Tilskot/ overføringar til private (til dømes næringsliv og lagsliv)	<ul style="list-style-type: none"> - At tilskot frå kommunen ikkje vert gitt i høve til fastsette retningslinjer og utan likebehandling mellom søkjarar/mottakarar 	<ul style="list-style-type: none"> - Vi er ikkje kjent med saker der det har vore omdiskutert om reglane er følgt. 	

Forenkla etterleveringskontroll 2020

- Med bakgrunn i vurderingane over og tidlegare innspel frå Kontrollutvalet har vi valt sjølvkost på VAR-området som tema for forenkla etterleveringskontroll for 2020 for gjennomføring våren 2021.
- Vi vil vurdere konkret gjennomføring av etterleveringskontrollen opp mot det materialet som er tilgjengeleg frå kommunen.
- Vi ser for oss å kontrollere følgjande:
 - Er dei områda som kommunen reknar sjølvkost på på VAR-området heimla i lovgiving?
 - Finst det ein kalkyle som underbyggjer fastsette gebyr?
 - Vert det utarbeida eit rekneskap som kontrollerer sjølvkost i ettertid?
 - Tek kalkyle og rekneskap opp i seg dei elementa som kan/skal inngå etter sjølvkostforskrifta, herunder om fordelingsnøklar som er brukte er baserte på «fornuftige» grunnlagsdata?
 - Følgjer kommunen med på over- og underskudd og avreknar dette innanfor dei tidsperiodane som er gitt i lovgivinga?



kpmg.com/socialmedia



kpmg.com/app



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/190-18
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	7/21	04.03.2021

Forvaltningsrevisjon innan beredskap - statusrapport

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at KPMG skal orientere kontrollutvalet om kor langt dei er komne i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen, om alt går etter planen og om det evt. kan vera aktuelt å justera bestillinga.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan beredskap, jmf. prioritert prosjekt nr. 1 i Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024.
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 29.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Før godkjenning får utvalsmedlemmane høve til å koma med merknader til prosjektplanen, med relativt kort svarfrist.

Frå vedtak til endeleg prosjektplan:

- I tråd med punkt 3 i vedtaket mottok sekretariatet forslag til prosjektplan frå KPMG innan fristen.
- Utvalsmedlemmane vart 03.11.20 invitert til å koma med merknader til prosjektplanen, jmf. pkt. 5 i vedtaket.
